



HEIDAL SKULE



Plan for arbeidet med elevane sitt skulemiljø Heidal skule SKULEMILJØARBEID



Heidal skule har nulltoleranse mot krenkjande åtferd!

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81



HEIDAL SKULE



1.0 FORMÅL MED PLANEN.

I opplæringslova kapittel 9A står det at eleven har individuell rett til eit trygt og godt skulemiljø, og det er eleven si eiga subjektive oppfatning som er avgjerande om skulemiljøet er trygt og godt. Skule og skuleeigar har plikt til å handle i samsvar med aktivitetsplikta, slik at eleven sin rett blir oppfølgt. Skulen skal jobbe kontinuerleg og systematisk for å fremje helse, miljø og tryggleik til elevane. Eit trygt skulemiljø tyder m.a. at elevane ikkje skal kome til skade og at dei opplever at skulen er ein trygg stad å vere. Tryggleik handlar om å vite at skulen tek tak om noko skjer.

Planen tek utgangspunkt i gjeldande lovverk om eleven sitt psykososiale miljø, og har som hovudhensikt å kvalitetssikra arbeidet med å fylle krava i kapittel 9A. Tilsette ved skulen skal bruke planen for å orientere seg om kva retningslinjer og rutinar som gjeld. Samstundes skal elevane, føresette og rådsorgan ved skulen informerast.

Opplæringslova § 9A - 3 seier følgjande:

«Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.»

Med bakgrunn i dette har Heidal skule utarbeidd ein plan for arbeid med skulemiljø.

2.0 SKULEN SIN VISJON.

*Heidal skule skal vera ein trygg og framtidsretta læringsarena for alle.
Skulen skal gje elevane god allmennkunnskap på vegen inn i framtida.
«Lærande, utviklande, motiverande og trygt»
«Vi skal samhandle, skape entusiasme og likeverd»*

3.0 MÅL

Arbeid med elevane sitt læringsmiljø er ein av skulen og skuleeigar sine viktigaste oppgåver: - Inspirera til motivasjon og meistring, og gje elevane moglegheit til å utnytte sitt læringspotensial.

Heidal skule har nulltoleranse mot krenkjande åtferd!

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81



HEIDAL SKULE



4.0 SUKSESSKRITERIUM

- Elevane opplever at dei meistrar skulearbeidet og viser respekt for medelevar sin rett til arbeidsro i timane. Elevane erfarer at skulen har null-toleranse mot mobbing.
- Lærarane praktiserer felles reglar for elevane si åtferd. Lærarane deler erfaringar og diskuterer korleis dei utfører klasseleiing som fremjer eit godt læringsmiljø. Lærarane tek ansvar for å skape gode relasjonar mellom elev /lærar og mellom elevane.
- Skuleleiinga legg til rette for utprøving, refleksjon og erfaringsdeling av lærarane si klasseleiing. Skuleleiinga bruker skulen sine resultat til å forbetre skulen sitt læringsmiljø.
- Skuleeigar legg til rette for relevant kompetanseutvikling for personalet ved skulen. Skuleeigar og skuleleiing viser og formidlar retning og tydelege mål for skulemiljøarbeidet.

5.0 PSYKOSOSIALT MILJØ

Psykososialt miljø er dei mellommenneskelege tilhøva ved skulen, det sosiale miljøet og korleis elevane og personalet oppfattar dette. Det psykososiale miljøet handlar óg om elevane si oppfatning av lærings situasjonen.

Heidal skule har nulltoleranse mot krenkjande åtferd!

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81



HEIDAL SKULE



6.0 TILTAK FOR TRYGT KLASSE- OG SKULEMILJØ .

Tiltak	Ansvar
Godt planlagt skulestart kvar haust	Alle
God klasseleiing Fokus på tryggleik, trivsel, positive relasjonar lærar/elev og mellom elevane	Kontaktlærer Faglærer Pedagogisk medhjelpar
Ordensreglement.	Rektor
Klassereglar. Alle klasser lagar trivsels-/klassereglar med bakgrunn i ordensreglar og klasse møte.	Kontaktlærer
Timeplanfesta arbeid med utvikling av elevane si sosiale kompetanse. Klasse møte og MOT.	Kontaktlærer
Godt samarbeid mellom heim og skule.	Rektor Kontaktlærer Faglærer Pedagogisk medhjelpar
<ul style="list-style-type: none">Læringsmiljø skal vere fast tema i:<ul style="list-style-type: none">personalmøteteammøteklasse møteelevsamtalerforeldremøteutviklingssamtalermøte i FAU og SU.	Rektor Kontaktlærer Faglærer Pedagogisk medhjelpar
Forsvarleg vaksendekning der elevane oppheld seg inne og ute. <ul style="list-style-type: none">Gul vest til alle vakter.	Rektor Inspektør Alle
Observere og kartleggje elevane sin trivsel og det sosiale samspelet mellom elevane i klassa/på trinn slik at skulen til kvar tid har oversikt over dette.	Kontaktlærer Pedagogisk medhjelpar Team
OVERGANG BARNEHAGE – SKULE. Innskriving Heidal skule i november/desember. Førskuledagar i mai/juni. Fadderordning.	Rektor Kontaktlærer

Heidal skule har nulltoleranse mot krenkjande åtferd!

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81



HEIDAL SKULE



7.0 FØREBYGGJANDE TILTAK.

1. Alle klasser skal leggje vekt på sosiale aktivitetar, spesielt i byrjinga av skuleåret. Fyrste skuledag skal elevavtala og ordensreglementet gjennomgåast og sendast heim. Avtala skal attende til skulen med underskrift frå føresette.
2. **Alle klasser skal ha klassemøte anna kvar veke om utvikling av godt klasse -og elevmiljø. Kontaktlærer har ansvaret. Det skal kvar gong samtalast og reflekterast over visjon og verdiar i verksemdsplanen. Gjeld alle trinn.**
3. Det skal arbeidast med følgjande grunnreglar i alle klasser:
 - Vi skal respektere kvarandre
 - Vi skal hjelpe og støtte kvarandre
 - Alle skal med! - Inkluderande miljø
 - Alle har krav på eit trygt og godt skulemiljø
 - Ein vaksen skal kontaktast dersom nokon blir plaga eller har det vondt
4. Utviklingssamtale skal gjennomførast minst 3 gonger kvar termin
5. Kontaktmøte skal gjennomførast minst 1 gong kvar termin
6. Foreldremøte skal gjennomførast 1-2 gonger kvart år. Møta skal alltid omhandle trivsel.
7. Det skal arbeidast med relasjonar og robuste, gode miljø i MOT, på turar og i temaarbeid.
8. Fadderordning. Småskule – mellomtrinn.
9. Opplegg ungdomsskule – barnehage
10. Juleball for ungdomsskulen.
11. Lærarar og assistentar skal ha nulltoleranse for uønskt åtferd i møte med elevane.

8.0 NULLTOLERANSE OG SYSTEMATISK ARBEID.

SKULEN SITT ARBEID FOR Å OPPFYLLE AKTIVITETSPLIKTA.

§ 9 A-4 i opplæringsloven seier at skulen har ei aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø. Dette inneber følgjande:

Alle tilsette har plikt til å følge med. Ved Heidal skule vil det si skulen si leiing, lærarar, pedagogiske medhjelpar, kontormedarbeidar, vikarar/midlertidige tilsette, vaktmeister og reinhaldarar. Alle tilsette har plikt til å gripe inn mot krenking. Alle tilsette har plikt til å varsle. Rektor skal varslast dersom tilsette får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle. Skulen har plikt til å undersøke saka. Skulen har plikt til å iverksette tiltak. Skulen har plikt til å utarbeide en aktivitetsplan.

Heidal skule har nulltoleranse mot krenkjande åtferd!

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81



HEIDAL SKULE



7.0 AKTIVITETSPLAN

Plikt	Handling	Ansvar
Følgje med.	<ul style="list-style-type: none">• Vere årvaken og aktivt observere i friminutt og overgangssituasjonar.• Observere korleis elevar agerer kvar for seg eller seg i mellom.• Bry seg om kva elevane driv med på ein vennleg, men bestemt måte.	Alle tilsette
Gripe inn.	<ul style="list-style-type: none">• Stoppe pågåande, akutte situasjonar som f.eks. slåsskamp eller anna fysisk krenking. Stanse ein utfrysingssituasjon, stanse og irttesette elevar som krenkjer verbalt.	Alle tilsette som ser hendinga
Varsle.	<ul style="list-style-type: none">• Varsle rektor ved mistanke om - eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.	Alle tilsette som ser hendinga
Sette inn tiltak.	<ul style="list-style-type: none">• Undersøke eleven si oppleving av skulemiljøet for å:<ul style="list-style-type: none">- Få fram fakta i ein situasjon- Finne ut bakgrunnen for eleven si oppleving- Få fram kva i eleven sin omgjevnad som påverkar korleis han eller ho opplever skulemiljøet	Rektor Kan delegerast
Dokumentere.	<ul style="list-style-type: none">• Sette inn eigna tiltak for å sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.• Følgje opp tiltaka.• Evaluere tiltaka• Evt. leggje til eller endre tiltak.	Rektor Kan delegerast
	<ul style="list-style-type: none">• Skrive referat frå alle samtaler. Skal arkiverast i eleven si mappe.• Lage ein aktivitetsplan som seier noko om:<ul style="list-style-type: none">- Kva problem tiltaka skal løyse- Kva tiltak skulen har planlagt- Når tiltaka skal gjennomførast- Ansvarleg for gjennomføring av tiltaka- Når tiltaka skal evaluerast- Lage ein overordna plan for kva skulen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta	Rektor Kan delegerast

Heidal skule har nulltoleranse mot krenkjande åtferd!

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81



HEIDAL SKULE



7.1 SKJERPA AKTIVITETSPLIKT

Dersom ein tilsett får mistanke om eller kjennskap til at ein medarbeidar krenkjer ein elev, gjeld skjerpa aktivitetsplikt, jf. opplæringslova § 9A-5.

I slike tilfelle skal vedkomande varsle rektor straks.

8.0 NÅR SKULEN MOTTEK MELDING OM KRENKJANDE ÅTFERD

Når skulen mottok varsel om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen be om at dette blir gjort skriftleg. Skulen kan hjelpe med å utforme meldinga.

Eit slikt varsel utløyser skulen si aktivitetsplikt. Skulen skal undersøkje saka, iverksette tiltak og utarbeide ein aktivitetsplan.

9.0 BISTAND FRÅ SKULENS SAMARBEIDSPARTNARAR

Skulen kan søkje råd og bistand frå andre hjelpeinstansar, f.eks. helsestasjon, barneverntjeneste eller PPT.

Heidal skule har nulltoleranse mot krenkjande åtfærd!

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81



HEIDAL SKULE



10.0 KRENKJANDE ÅTFERD

Alle elevar skal oppleve eit trygt og godt skulemiljø fritt for krenkjande åtferd.

Kva er krenkjande åtferd ?

Krenkjande åtferd er ei felles beskriving på alle former for uønskt åtferd som med eller utan overlegg råkar andre fysisk eller psykisk. Krenkjande åtferd kan vere ei enkel eller gjenteken handling utan respekt for andre sin integritet.

Eksempel på krenkjande åtferd:

- **mobbing**
- **vald**
- **rasisme**
- **diskriminering**
- **utestenging**

Kva er mobbing ?

1. ”En person er mobbet eller plaget når han eller hun, gjentatte ganger og over en viss tid, blir utsatt for negative handlinger fra en eller flere andre personer. Det må være en viss ubalanse i styrkeforholdet – offeret har ikke så lett for å forsvare seg. Det er derfor ikke mobbing når to fysisk eller psykisk omtrent like sterke personer er i konflikt, krangler eller slåss.” (Olweus)
2. ”Med mobbing eller plaging forstår vi psykisk og/eller fysisk vold rettet mot et offer, utført av enkeltpersoner eller grupper. Mobbing forutsetter et ujevnt styrkeforhold mellom offer og plager, og episodene gjentas over tid.” (Roland/Zero, program for mobbing.)

Kva er vald ?

Når nokon brukar fysisk makt for å skade andre.

Kva er rasisme ?

Rasisme omfattar diskriminering på grunnlag av rase, hudfarge eller etnisk opphav.

Kva er diskriminering ?

Diskriminering inneber at ein person blir dårleg behandla eller trakassert, for eksempel på grunn av kjønn, funksjonsnivå, trusretning, hudfarge, nasjonal eller etnisk opphav. Diskriminering kan vere direkte eller indirekte.

Kva er utestenging ?

Utestenging vil seia at ein elev så godt som alltid blir halden utanfor ei gruppe eller ei klasse.

Heidal skule har nulltoleranse mot krenkjande åtferd.!

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81



HEIDAL SKULE



10.1 OPPLÆRINGSLOVA § 9A-3, andre ledd seier:

«Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitelet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.»

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitelet blir oppfylte. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

10.2 KLAGE

§ 9 A-6. Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker:

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.

Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal Fylkesmannen avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skulemiljøet på skolen der eleven går når saka blir meldt til Fylkesmannen.

Skolen og skuleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som Fylkesmannen meiner må til for å greie ut saka. Fylkesmannen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i Fylkesmannen si saksbehandling.

Kjem Fylkesmannen til at skolen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5, kan Fylkesmannen vedta kva skolen skal gjere for å sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det skal setjast ein frist for gjennomføringa av vedtaket, og Fylkesmannen skal følgje opp saka. Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skolen sitt ordensreglement, jf. § 9 A-10, eller at ein elev skal byte skole, jf. § 8-1 fjerde ledd.

Avgjerda til Fylkesmannen er eit enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i forvaltningsloven. Skuleeigaren har ikkje klagerett.

Heidal skule har nulltoleranse mot krenkjande åtferd!

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81



HEIDAL SKULE



11.0 SANKSJONAR

- Aktuelle sanksjonar er nedfelt i skulen sitt ordensreglement.

12.0 REVISJON OG INFORMASJON

- Planen skal reviderast i FAU/SMU og i elevrådet kvart år
- Elevar og tilsette skal informerast om planen ved skulestart kvart år
- Skuleleiinga har ansvaret for at planen blir revidert kvart år, og at alle tilsette blir informert om planen.

Vedlegg:

- Aktivitetsplan
- Meldeskjema

Heidal skule har nulltoleranse mot krenkjande åtferd!

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81



HEIDAL SKULE



Vedlegg 1

Aktivitetsplan Heidal skule ved krenkjande åtferd.

Kva er krenkjing:

Kven er krenkt:

Kven krenkjer:

Kva problem skal løysast:

Kva skal skulen gjera:

Kva tiltak skal gjennomførast:

Kven er ansvarleg for oppfølging:

Når skal tiltaka evaluerast:

Heidal skule, 2017

Sjur Arne Lindby, rektor

Heidal skule har nulltoleranse mot krenkjande åtferd!

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81



HEIDAL SKULE



Vedlegg 2

**Meldeskjema om bekymring for eleven sitt psykososiale miljø på Heidal skule.
Sendast til rektor med kopi til elevmappe.**

Eleven sitt namn:

Fødselsdato:

Eleven si klasse og kontaktlærer:

Bekymringa meldt til:

Bekymringa meldt av:

Dato for meldinga:

Kva dreier bekymringa seg om?

Korleis vart bekymringa oppdaga?

Annan faktainformasjon:

Signatur melder: _____

Heidal skule har nulltoleranse mot krenkjande åtferd!

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81



HEIDAL SKULE



**Heidal skule
SKULEMILJØARBEID**



HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81